

HOLMGANG

BONDEUNGDOMSLAGET I STAVANGER

Nr. 1

12. Januar 1996

Årgang 24



HOLMGANG

Redaktør:

Sverre Haver

Redaksjonsmedlemer:

Bjarte Holmedal

Torhild Nelsen

Barbro Vanvik

Utgjevar:

Bondeungdomslaget

Trykk: *BILL-STAVANGER*

Gode medlemer.

Dette nummeret som kjem her er i grunnen eit ekstranummer av «Holmgang» som lagsstyret sender ut. Dette nummeret omfattar innkalling til årsmøte med sakliste, og årsmeldingar frå hovudlaget, særslag og nemnder. Me har valgt å senda dette ut på denne måten avdi dette vert mykje rimelegare enn å senda det som vanleg B-post. Som dei fleste sikkert har merka etter kvart, må me no i større grad en før tenkje økonomi i alle saker.

Sjølve innkallinga til årsmøtet som i år er onsdag 31. januar, sto òg i «Holmgang» nr. 4 - 95, så alle medlemene er varsla i god tid.

Årsmøtet er det høgste organet i laget. Alle over 14 år og som har betalt medlemspengar for 1995 har røysterrett på årsmøtet. Årsmøtet er vedtaksført når minst 1/10 av medlemene er tilstades, men likevel aldri mindre enn 20 medlemer. Med 194 medlemer, må me difor vera minst 20 medlemer tilstades. Difor oppmodar me alle medlemer til å koma på årsmøtet. Dette året vert eit spanande år på mange måtar. Me er no i full gang med bygginga av nytt lagshus, og seinare i vår kan me etter planane så smått byrje å ta det i bruk. Då vil det vere ei stor utfordring til alle medlemer å finne fram til kva aktivitetar me skal fylle huset med. Det vert òg ei spanande og ikkje minst inspirerende utfordring for dei som no tek på seg eit verv i eit eller anna styre i laget. Kan alle saman vere med på å dra lasset etter beste evne, skal det nok gå bra.

De vil òg finne vedlagt innbetalingskort for medlemspengane for 1996. Kasseraren vår har ei bøn til dykk alle:

Kan de vere så gilde å betale desse snarast råd, og ikkje seinare en 1. mars?
For kvar purring me må sende ut, vert det ei uturvande utgift som berre postverket tener på.

Med helsing lagsstyret.

**INNKALLING TIL ÅRSMØTE
ONSDAG 31. JANUAR KL. 19:00
I ØVRE HOLMEGT. 20**

SAKLISTE:

1. Opning
2. Godkjenning av innkallinga
3. Godkjenning av saklista
4. Val av 2 ordstyrarar
5. Val av 2 møteskrivarar
6. Val av 2 til å skrive under på møteprotokollen.
7. Val av teljenemnd.
8. Årsmeldingar
 - Hovudlaget
 - Særlag og nemnder
 - Lagsbruket
9. Rekneskap
 - Hovudlaget
 - Særlag og nemnder
 - Lagsbruket
10. Arbeidsprogram for 1996
11. Årspengar for 1997
12. Budsjett for 1996
13. Innkome framlegg.
 - A. Endring av lagsnamnet frå Bondeungdomslaget i Stavanger til Stavanger Ungdomslag.
 - B. Endring av føresegnene for lagshytta.
14. Val i samsvar med lagslovene.
 - Lagsleiar og AU-medlemer
 - Leiar og medlemer i studienemnda
 - Leiar og medlemer i lagsbruksstyret
 - Leiar og styremedlemer i leikarringen
 - Leiar og styremedlemer i barnelaget
 - Leiar og styremedlemer i teaterlaget
 - Leiar og nemndmedlemer i hytte- og turnemnda
 - Redaktør og redaksjonsmedlemer i «Holmgang»
 - Ettersynsfolk
 - Valnemnd for årsmøtet i 1997
 - Utendingar til årsmøta i RU, RM, NU og NM

Vedlegg til saklista:

Sak 11: Medlemspengar for 1996:

Etter dei vedtaka som er gjorde i fylkes- og landslaga me er medlemmer av, er ikkje medlemspengane til desse endra for 1997. Styret føreslår difor uendra satsar for medlemspengane for 1997. (Medlemspengane til Bondeungdomslaget i Stavanger vart sist endra i 1995)

Sak. 13A: Endring av lagsnamnet:

Framlegg frå Sverre Haver og Thorvild Lode Berntsen:

Årsmøtet i Bondeungdomslaget i Stavanger vedtek å endre namnet på laget frå Bondeungdomslaget i Stavanger til Stavanger Ungdomslag. Namneendringa skal gjelde frå og med den dagen lagskontoret flytter frå Øvre Holmegate 20 til nybygget på Lassa.

Styret er delt i synet på dette, og legg av den grunn fram saka for årsmøtet utan å koma med noko innstilling.

Sak 13B: Endring av hyttereglane etter framlegg frå Hytte- og turnemnda:

Noverande reglar	Endrast til
<p>1. Bul si lagshytte på Gilja kan nyttast av medlemmer i Bul-Stavanger, men i den utstrekning dette ikkje fortregjer medlemmer, kan andre takast med. Hytta kan ikkje leigast ut til andre personar eller lag utan tilknytning til Bul.</p>	<p>Bul si lagshytte på Gilja kan nyttast av medlemmer i Bul-Stavanger. I den utstrekning dette ikkje fortregjer medlemmer, kan andre leige hytta etter avtale med hyttenemnda.</p>
<p>2. Påmelding skjer på liste på oppslagstavla seinast søndagen før kl. 22:00. Det er ikkje noko i vegen for å reisa opp utan å melda seg på, men dei 8 fyrste på lista får første retten til sengeplassane. Før vinter-/påskeferie og andre større utfartshelgar vert det loddtrekning dersom mange melder seg på. Før vinter-/påskeferie er påmeldingsfristen 4 veker. Par som vil reise saman får 1 nummer i loddtrekninga.</p>	<p>Dei som vil leige hytta, gir melding om dette til hyttenemnda. Før vinter-/påskeferie og andre større utfartshelgar, vert det loddtrekning dersom mange melder seg på. Før vinter-/påskeferie er påmeldingsfristen 4 veker. Par som vil reise saman, får 1 nummer i loddtrekninga.</p>
<p>3. Påmeldinga er bindande. Dersom du har god grunn til ikkje å reise, må du snarast stryke deg på lista og gje melding til kontaktpersonen.</p>	<p>Påmeldinga er bindande.</p>
<p>4. Overnattingsgjester skal betale kr. 20,- pr. overnatting.</p>	<p>Lagsstyret fastset pris på overnatting og dagsbesøk etter framlegg frå hyttenemnda.</p>
<p>5. Hyttenemnda skal setja opp eit vertskap på 2 personar i den mest aktuelle bruks-sesongen. Oppgåvene til vertskapet: 1. Setja opp framlegg til meny på laurdagskvelden. 2. Låsa opp. 3. Fyra i omnen om det trengst. 4. Ta imot oppgjer for overnatting og levera det vidare til kasseraren i laget. 5. Syta for at ein forlet hytta i skikkeleg stand. NB! Vask og rydding er ikkje berre vertskapet sin jobb. Dei helgene det ikkje er organisert vertskap, vel hyttenemnda ut 2 av dei påmelde som ansvarlege. Desse syter for nøkkel og oppgjer.</p>	<p>Hyttenemnda <u>kan</u> setja opp eit vertskap på 2 personar i den mest aktuelle brukssesongen. Oppgåvene til vertskapet: 1. Setja opp framlegg til meny på laurdagskvelden. 2. Låsa opp. 3. Fyra i omnen om det trengst. 4. Ta imot oppgjer for overnatting og levera det vidare til kasseraren i laget. 5. Syta for at ein forlet hytta i skikkeleg stand. NB! Vask og rydding er ikkje berre vertskapet sin jobb. Dei helgene det ikkje er organisert vertskap, vel hyttenemnda ut 2 av dei påmelde som ansvarlege. Desse syter for nøkkel og oppgjer.</p>
<p>6. Laget sine føresegner om rusmiddel gjeld og på hytta.</p>	<p>Ingen endring.</p>

Årsmelding for Hovudlaget:

1995 har vore eit merkeår i lagssoga. Dei store vedtaka som er gjorde om byggestart i Rektor Oldens gate og salet av Øvre Holmegate 20 har på mange måtar vore revolusjonerande for laget. Me må innsjå at me står overfor utfordringar som krev nytenkning — ein situasjon me var for lite budde på. Samstundes har lagsmedlemene fått auka inspirasjon med tanke på nytt hus, og dugnadsånda har fått ny giv. Salet av Øvre Holmegt. 20 har òg fått negative konsekvensar: Ny eigar og ombyggingsarbeid i huset har ført til utrivelege tilhøve for lagsaktivitetane.

Med eit nytt hus som er klar for innflytting i 1996, ser me behov for nye aktivitetar, medlemsrekruttering, å finne nye målgrupper, og ikkje minst få eit økonomisk fundament for lagsdrifta. I høve til desse store utfordringane må me innsjå at me saknar engasjement og nytenkning. Svært mykje fell på Tordenskiolds soldatar som deltek både i byggeaktivitetane og ideel lagsdrift. Me bør ta oss i vare slik at desse ressurspersonane våre ikkje vert utslitne i denne prosessen.

Mykje av arbeidet i styret og AU har vore prega av å freiste å tenkje framover. Dei største utfordringane i 1996 må bli:

- Større breidde i aktivitetane våre for å kunne auke medlemsmassen (nyrekruttering).
- Ny økonomisk grunntenking for den ideelle lagsdrifta.
- Teknisk og administrativ drift av nybygget.
- Å bli eit attraktivt tilbod for folkerike nærmiljø.

I 1995 har styret hatt denne samansetjinga:

Arbeidsutvalet:

Leiar:	Elise Fintland
Nestleiar:	Inge Kjøde
Kasserar:	Audun Aarflot
Skrivar:	Fred Jensen

1. Varamedl.:	Ingrid Skåtun
2. Varamedl.:	Ingvild Seland

Styremedlemmer:

Frå Leikarringen:	Wenche Oftedal
Frå Timian:	Bergljot Julie Mæhlum
Frå Studienemda:	Marthon E. Rasmussen
Frå Lagsbruket:	Bruse Halvorsen

Frå Barnelaget:
Frå «Holmgang»:

Merete Kalberg Jensen
Sverre Haver

Medlemstalet dette året var 58 (70) barnemedlemer og 194 (218) registrerte vaksne medlemer. Tala i parantesen er for 1994 .

Arbeidsutvalet har hatt 18 møter og handsama 95 saker. I haust bad Fred Jensen seg friteken frå AU. Ingrid Skåtun rykte då opp frå 1. varamedlemsplass, og vart ny skrivar.

Styret har hatt 11 møte og handsama 64 saker. Faste saker på kvart styremøte har vore referat frå særлага.

Møte og festar:

- 1.2. Vanleg årsmøte
- 9.3. - 17.3. Teaterveke: «Den store barnedåpen»
- 15.3. Omframnt årsmøte
 - Vedtak om bygging av nytt lagshus
- 19.4. Inspirasjonskveld.
 - Minikurs for nye og gamle tillitsvalde i samarbeid med Rogaland Ungdomslag.
- 28.4. Ildedugnad.
 - Uformell diskusjonskveld/lagskveld der me freista finne fram til kva nye og gamle aktivitetar me kunne fylle nyehuset vårt med.
- 17.5. Festkveld for små og store medlemer.
 - Me deltok og i folketøget, og fekk ein ekstra premie for godt innslag.
- 13.6. Omframnt årsmøte.
 - Godkjenning av sal av Ø. Holmegt. 20.
- 8.9. Velkomstfest.
 - Spesiell invitasjon til alle elevar ved høgskulane i Stavanger.
- 15.11. Informasjonsmøte om husbygginga.
 - Framlegg til interiørløysinga vart presentert.
- 1.12. Teaterfest.
 - Fest etter siste framsyninga på «Timian» sitt stykke.
- 24.11. - 1.12. Teaterveke. «Gudlabadnet te na mor»

Særлага har arbeidd godt, med faste øvingskveldar kvar veke. Swinggruppa starta ikkje opp att etter sommarferien, men me har no i haust fått ein eigen ungdomsring som me vonar vil gje eit godt tilbod til medlemene. Likeeins har det så smått byrja å ta form ei lita songgruppe eller songkor, som viste seg

offentleg på siste øvingskvelden før jul i leikarringen.

I samarbeid med Vibå Spelemannslag skipa BUL til Stavangerkappleiken.

Utsendingar, representasjon og kursdeltaking.

Utsendingar til årsmøte i RU:		Elise Fintland Fred Jensen Audun Aarflot Bergljot Julie Mæhlum Odd L. Svendsen Hilde Birgitte Elmblad Løknes
Utsendingar til årsmøtet i RM:		Audun Aarflot Audun Rosland Wenche Oftedal
Utsendingar til årsmøtet i NU:		Ingrid Skåtun Hilde Birgitte Elmblad Løknes Inge Kjøde
Utsendingar til årsmøtet i NM:		Diverre ingen.
B-kurs NU:		Hilde Elmblad Løknes Anne Nordbø
Fagseminar i NU:	Teater Folkedans Bunad	Bergljot Julie Mæhlum Jenny Helseth Ragnhild Ødegaard
Turdansseminar, NU		Odd Svendsen
Sommarkurs, NU	Barneteater	Inger Marie Kjellevold
Storkurs i RU:	Swinginstr.	Odd. L. Svendsen Hilde Birgitte Elmblad Løknes Jenny Helseth Gunn Jorna Seeberg Oddbjørn Salte
	Barn A2	Linda Tednes Larsen
	Eg vil og eg ..	Gunn Inger Sture. Helene Svendsen

Ine Bøgild
Ann Cathrine Elmblad Løknes
Arild Nådland

Teaterkurs i RAT:

Barbro Vanvik
Gitte Henriksen

Revykurs

Bergljot Mæhlum
Barbro Vanvik
Ingrid Skåtun
Thorvild Lode Berntsen

Medlemer som har hatt verv i andre organisasjonar som BUL er medlem av:

Rogaland Mållag: Jubileumsnemnda
Ettersynsfolk

Audun Aarflot
Inge Kjøde
Audun Aarflot

Rogaland Ungdomslag: Leiar
Nestleiar
Skrivar

Anne Marie Nerby
Inge Kjøde
Ingrid Skåtun

Bunadsnemnda i Rog. Ungdomslag:

Eli Olsen
Daghild Håvardsholm
Ragnhild Ødegaard

Barnenemnd:

Anne Nordbø
Hilde Elmblad Løknes

Ettersynsfolk:

Ottar Vandvik
Oddvin Emmerhoff

Årsmelding for Barnelaget.

Barnelaget har hatt 8 styremøte/arbeidsmøte i 1995. Det har vore 18 øvingskveldar + avslutningsfest i vårhalvåret, og 14 øvingskveldar + juleavslutning i hausthalvåret.

Dei 58 medlemene var fordelte på 4 grupper fram til mars, då dei to eldste gruppene vart slegne saman. No er det 3 grupper.

Gruppe:	Instruktørar:	Hjelpeinstruktørar
3 - 6 år	Marit Svendsen	Linda Tednes Larsen
6 - 9 år	Mari-Ann Børsheim	Marianne Torp
10 - 14 år	Anne Nordbø	Marit Kjøde

Hilde E. Løknes og Merete K. Jensen var instruktør og hjelpeinstruktør i vår.

Spelemann: Jan Knutsen

Teateraktivitet:

10 born har delteke i teater/dramagruppe i haust. Det var 6 øvingar og ei lita framsyning på juleavslutninga. Leiar: Merete K. Jensen.

Stemme og turar:

32 store og små reiste på fylkesstemna for born i Haugesund 9. - 11. juni

12 ungar/ungdomar reiste til Gjøvik på Barnlek '95 saman med 4 leiarar 2. - 6. august.

Den eldste gruppa var på helgetur til Rennesøy i haust.

Framsyningar:

Barnelaget har hatt 4 framsyningar i år, mellom anna i samband med ei internasjonal museumskongress ICOM 95.

Arrangement:

Barnelaget deltok i 17. maitoget og var medarrangør til familiefesten 17. mai i BUL-huset.

Juleavslutninga vart halden i løa på Tronsholen hagesenter, for at me skulle få plas til alle medlemene med familie. Omlag 70 personar til stades.

Kurs:

Hallingkurs vart arrangert i samarbeid med Nærbø folkedanslag 8. mai. Instruktør var Berit Guggedal. Kurset var planlagt 2 laurdagar, men den andre måtte avlysast p.g.a. sjukdom.

Storkurs i RU: Følgjande deltok på organisasjonskurset «Eg vil og eg kan»: Ann Cathrine Løknes, Siri Bøgild, Gunn Inger Sture, Helene Svendsen og Arild Nådland.

Styret i Barnelaget 1994:

Leiar:	Merete K. Jensen	Foreldrerepresentantar:
Kasserar:	Audun Aarflot	Bjarte Holmedal
Styremedl.:	Lidvard Skorpa	Charles Bergesen
Styremedl.:	Anne Lise Tveitane	Norunn Bjørnsen

Årsmelding for Leikarringen.

Tysdagsringen har i 1995 som i fjor hatt øvingskveldar på tysdagen frå kl. 20:00 til 22:00. 20 kveldar i vår og 15 kveldar i haust med til saman 35 øvingar.

Tysdagsringen har 36 betalande medlemmer.

Måndagsringen har hatt øvingskveld på måndagen frå kl. 20:00 til kl. 22:00. 18 kveldar i vår og 14 kveldar i haust, til saman 32 øvingar. Måndagsringen har 22 betalande medlemmer.

Instruktørar:

Odd Svendsen har vore instruktør for tysdagsringen med Anne Marie Nerby som fast vikar, vår og haust. Odd Svendsen og Jenny Helseth har delt instruktørjobben for måndagsringen, vår og haust.

Spelemenn:

Gaute Hadland har vore fast spelemann på tysdagane og på framsyningar. Tor Sandvik har vore måndagsringen sin faste spelemann.

Folkedanskveldar:

Leikarringen har arrangert 18 folkedanskveldar i år. 10 i vår og 8 i haust, ca. 2 i månaden. Av desse har 2 vore «fellesdansar» der me har invitert dansarar frå Sandnes folkedanslag og Klepp leikarring. Inngangspengar: Kr. 30,- for vaksne medlemmer, kr. 40,- for ikkje medlemmer og kr. 15,- for undomar (14 - 16 år). På fellesdansane var det eins pris kr. 50,-.

Musikk til folkedanskveldane:

"Vibå"	"Firerbanden"
"Jæren Frilynde"	"Gnagsåret"
Harry Monstad	Øyvind Nerموen
"Tri Firoen"	

Framsyningar:

Leikarringen har i år hatt 11 framsyningar.

- 15.03. Stokka sykehjem
- 17.04. Victoria hotell
- 19.04. KNA-hotellet
- 17.05 Sentralsjukehuset i Rogaland
- 17.05. Byparken
- 17.05. Bjergsted
- 07.07. Konserthuset i Bjergsted
- 19.08 Atlantic Hall
- 24.08 Gamle Stavanger
- 19.10. Hotell Alstor
- 25.10. Varatun Psykiatriske.

Bunadutleige.

Mannsbunaden har dette året vore utleigd 33 gonger. Kvinnebunaden har vore utleigd 11 gonger. Brurekrona utleigd 3 gonger. Berre skjorta har vore utleigd 7 gonger.

Kursdeltaking.

Storkurs i på Varatun Gård, Sandnes, 27. - 29. oktober:

Jenny Helseth, Hilde Birgitte E. Løknes, Oddbjørn Salte og Odd Svendsen

Styret:

Det har vore 11 styremøte dette året. Instruktørane møtte på 2 av desse.

Styret var samansett slik:

- Leiar: Wenche Oftedal
- Nestleiar: Hilde Birgitte E. Løknes
- Skrivar: Oddbjørg Stave
- Styremedlem: Ståle Randa (frå august Kristin Jansen)
- Styremedlem: Olav Kvig
- Varamedlem: Arild Selvig

- Bunadutleigar: Dorrit Ims
- Rekneskapsfører: Anna Måge

Årsmelding frå studienemnda.



Studienemnda i 1995 har berre vore Marthon Rasmussen.

Våren 1995 vart det halde 2 kurs i gamaldans.

1 kurs for nybyrjarar, instruktør Anna Måge, musikk Harry Monstad
1 kurs for vidarekomne, instruktør Jenny Helseth, med diverse spelemenn.

Det vart òg annonsert helgekurs i tango med Morten Bjørnstad som instruktør. Dette kurset måtte avlysast på grunn av manglande oppslutnad.

Hausten 1995 vart det freista å få i gang 2 kurs à 6 kveldar for nybyrjarar i gamaldans, og 2 kurs à 6 kveldar for vidarekomne i gamaldans. Alle desse kursa måtte òg avlysast, delvis på grunn av mangel på spelemenn/instruktør og til dels på grunn av manglande påmelding.

Årsmelding frå songgruppa.

Ved semesterstart i haust vart det teke initiativ til å starte opp songkor/vise-gruppe i Bondeungdomslaget i Stavanger. Etter litt «turbulent» start, var songgruppa i gang med faste øvingar kvar tysdag (ein time før leikøvinga) frå fyrst i oktober med Ingvild Seland som leiar.

Frammøtet har vore bra, med eit gjennomsnitt på 10 - 12 kvar gong. Repertoaret er variert, med hovudvekt på folkeviser/tradisjonsstoff.

«Debuten» vår framfor publikum var på siste leikøvinga før jul.

Årsmelding for teaterlaget «Timian».



«Timian» har hatt fast møtekveld kvar torsdag frå kl. 19 til 22, og ei øvingshelg i månaden under innøving av stykke.

Me har hatt tilsaman 41 samkomer, der 34 har vore øvingskveldar/-dagar. Medlemstalet er nokolunde stabilt: I haust har me vore 14 medlemmer

Produksjon:

«Den store barnedåpen» av Oscar Braaten.

Premiere: 9. februar.

Instruktørar: Marit R. og Thorvild L. Berntsen.

«Gudlabadnet te na mor» av Ajax.

Premiere: 24. november

Instruktørar: Inger Marie Kjellevold og Thorvild L. Berntsen

Instruktørane våre er ulønna. Anders Midttun produserte musikken til begge stykka, og kvart stykke vart spela 7 gonger. Inngangspengane var kr. 50,-.

17.05.: Me markerte oss i folketoget og underheldt på familiefesten i BUL.

29.08.: Dugnad for å få rydde i kjellaren i Øvre Holmegate 20.

08.09.: Underheldt på festkvelden i BUL

23.09.: Underheldt på RU sin 100-årsjubileumsfest.

Styret har vore samansett slik:

Leiar: Bergljot Julie Mæhlum

Kasserar: Ingrid Skåtun

Styremedlem: Heidi Bratthammer

Årsmelding for Hytte- og turnemnda.

1995 har vore eit godt år for lagshytta på Giljastølen. Det var mykje snø i området heile vinteren og hytta var i bruk kvar helg frå midten av januar til slutten av april.

I alt har det vore ca. 185 overnattingar på hytta i løpet av året (mot 100 i 1994) Ca. 80% av bruken har skjedd i vintersesongen (januar - 1. mai)

Søndag 10. september inviterte me til «søndags-ettermiddagskaffi» på hytta for at fleire skulle kunna bli kjende med hytta og området rundt. Tiltaket var vellukka. To andre planlagde arrangement i løpet av hausten vart avlyste p.g.a. liten respons

Hyttenemnda har brukt ein del dugnadstimar på småarbeid i og omkring hytta i løpet av året.

Med i Hytte- og turnemnda 1995:

Leiar:	Reidar Sand
	Ingvild Seland
	Ogve J. Stangeland
	Magne Hope

Årsmelding for «Holmgang»

Lagsbladet «Holmgang» har i 1995 kome ut med 4 nummer. Redaksjonen har, enten sjølve eller ved hjelp av andre lagsfolk, freista å gje eit referat frå dei fleste lagsarrangementa. I tillegg har ein hatt stemningsrapportar av meir uformell karakter både frå lagslivet i Øvre Holmegate og dugnadslivet i nybygget. Lesarane har òg fått del i ein liten flik av menneska bak nokre av namna på tillitsmannslista.

Utover det å referere kva som skjer i laget har «Holmgang» hatt som mål å få i gang ein brei debatt om kva slags lag Bondeungdomslaget skal bli i framtida. Dette har vi vel ikkje lukkast med — i allefall er det få som har gitt uttrykk for sine meiningar om dette i «Holmgang» sine spalter. Redaksjonen vil oppfordre lagsfolket om å engasjere seg sterkare neste år. Det er høgt under taket i «Holmgang» og innlegg er velkomne same kva målform dei er skrivne på.

Arbeidet i redaksjonen har gått greitt. For kvart nummer har ein hatt 3 møte, ein planleggingskveld og to redigeringskveldar. Størsteparten av skrivinga er gjort utanom desse møta. I tillegg har det vore ei kort kveldsøkt for å sende ut produktet. I 1995 har vi hatt ein avtale med posten som har gjort utsendinga av bladet forholdsvis rimeleg. Redaksjonen har i 1995 vore:

Redaktør: Sverre Haver
Redaksjonsmedlemer: Bjarte Holmedal, Torhild Nielsen og Barbro Vanvik
(Harald Kulander trekte seg før 95-redaksjonen konstituerte seg)

Det redaksjonen har opplevd som tyngst i 1995 er å selje annonser. Pr. i dag vurderer ikkje annonsørane «Holmgang» som interessant på kommersiell basis, annonsene i «Holmgang» vert sett på som støtteannonser. Dette kan sjølvstøtt endre seg i framtida, men skal ein pr. i dag klare å få produksjonen av «Holmgang» til å gå i balanse, så treng ein nok hjelp av lagsfolket når det gjeld sal av annonser. Arbeidsgjevarar kan vere potensielle kundar. Annonseprisane er for øvrig auka noko frå og med første nummer i 1996.

Årsmelding for Lagsbruket

Lagsbruket har hatt eit ordinært styremøte i løpet av året, men då alle lagsbruksmedlemene òg har vore medlemmer i byggekomiteen, har løpande saker blitt tekne opp i samband med byggekomitemøta.

Dei to store sakene i året har vore byggestart av nytt lagshus på Lassa, og salet av Øvre Holmegt. 20. Begge desse sakene har vore handsama på omframme årsmøte. Som ei førebuing av salet av Øvre Holmegt. 20, vart leigeavtalen med kafeen sagt opp.

Som ei følgje av nybygget, vert økonomien i både lagsbruket og dermed hovudlaget kraftig endra. Lagsbruket har informert hovudlaget om dette. Konkret er det sagt at hovudlaget ikkje lenger kan rekne med overføringar frå lagsbruket i same storleik som tidlegare år. Før hadde lagsbruket faste leigeinntekter frå kafeen, og relativt store renteinntekter. Etter flyttinga har me ikkje lenger faste leigeinntekter, og renteinntektene vert kraftig redusert. Samstundes vil driftskostnadane for eit større lagshus verte monaleg større. Det vil av den grunn vere ei stor utfordring å få til ein sunn økonomi i såvel lagsbruket som hovudlaget i åra som kjem.

Styret i lagsbruket 1995 har vore:

Leiar:	Bruse Halvorsen
Nestleiar:	Ole Johannessen
Kasserar:	Torstein Espedal
Styremedl.:	Inge Kjøde
Styremedl.:	Roger Strand

Årsmelding for byggenemnda

Byggenemnda for nytt lagshus har i 1995 hatt dei same medlemene som i 1994. Det er i løpet av året avvikla fleire informasjonsmøte for laget. Først eit presentasjonsmøte på Litlesalen 11.01.95, og sidan informasjonsmøte om innreiinga av huset i november. Byggenemnda har dessutan hatt møte kvar 14. dag fram til oktober, og etter denne tid har me møte ein gong i veka.

På omframt årsmøte i laget 15.03.95 fekk nemnda i oppdrag å starte bygginga av nytt hus i samsvar med framlagd kalkyle og framdriftsplan. Graving og sprengning av tomta starta rett over påske, og vart ferdig i månadsskiftet april - mai. Av ulike grunnar vart det vidare arbeidet noko forsinka, slik at betongarbeidet først vart påbyrja i august. Dette medførde at den oppsette datoen for ferdigstilling ikkje kunne halde, og ein reviderte av den grunn planane slik at endeleg ferdigstilling skulle vera innan 1. mars 1996. Dette skulle gje laget høve til å flytte inn i det nye huset i god tid før leigeavtalen i Øvre Holmegt. 20 gjekk ut 31.03.96. Ved utgangen av året viser det seg at denne framdriftsplanen òg vil sprekke, og i skrivande stund er det heller uvisst når ferdigstilling kan skje. Ein arbeider no med det mål at kjellaren skal bli så klar at ein kan ta kontor og lagerrom i bruk innan 1. april.

I november starta ein opp med dugnadsarbeidet i kjellaren, der ein har sett opp skiljeveggar med murblokker. Det har vore rimeleg god oppslutning på dugnadane så lang, og ein får vone at det vil halde seg utover i 1996. Me er avhengige av stor innsats frå lagsfolk for å kunne få ferdig huset i tide.

I 1995 har desse vore i byggenemnda:

Leiar:	Roger Strand
Nestleiar:	Ole Johannessen
Kasserar:	Torstein Espedal
Sekretær:	Ragnhild Ødegaard
Driftsansvarleg:	Inge Kjøde
Dugnadsleiar:	Malvin Johnsen
	Gaute Hadland
	Bruse Halvorsen

RETURADRESSE:

ØVRE HOLMEGT. 20, 4006 STAVANGER

Adressefelt:

Hugs å meld frå om adresse-ending.

Hugseliste for viktige datoar:

- | | |
|-------------------|---|
| 31. januar: | Årsmøte i BUL |
| 4. februar: | Fellesdans på Klepp |
| 9. februar: | Inspirasjonskveld for nye og gamle tillitsvalde.
Stad: Bokn.
Innbydar: Rogaland Ungdomslag. |
| 9. februar: | Bygdedans i BUL |
| 24. februar: | Snøball på lagshytta på Gilja |
| 24.- 25. februar: | Årsmøte i Rogaland Mållag, Moi |
| 9. - 10. mars: | Årsmøte i Rogaland Ungdomslag, Sand |
| 15. mars: | Bygdedans i BUL |
| 17. mars: | Fellesdans på Klepp |
| 26. april: | Bygdedans på Klepp |
| 24. mai: | Bygdedans i BUL (Nyehuset)? |
| 1. juni: | Komlefest på lagshytta |
| 7. - 9. juni: | Barnestemne i RU, Stavanger. |

Hugs og at det i år er 100-års jubileumsstemne i Noregs Ungdomslag i Trondheim. Du skal vel på stemna?